

Rullering av handlingsprogrammet

Strategi for Nordhordland UNESCO biosfære gjeld for tidsrommet 2020 – 2024 og handlingsprogrammet vart vedteke for tidsrommet 2020 – 2022. Det er no tid for ein 'fot i bakken', gjere opp status og vurdere handlingsprogrammet for tidsrommet 2023 -2024.

Grunnlag for rulleringa

Handlingsprogrammet har vore eit godt styringsverktøy for biosfæresatsinga og dei aller fleste av tiltaka er godt i gang.

Lagt ved her finn de ein status på kvar av tiltaka i handlingsprogrammet 2020 - 2024.

Nye tiltak som har kome til

I løpet av perioden har det kome til nokre prosjekt som vi har sagt ja til å vere samarbeidspart i:

ACTIONABLE – Forskingsprosjekt i regi av UiB v/ Alicia Barraclough der vi er ein samarbeidspartnar. Her er vi mellom anna spesielt engasjert i arbeidspakken «Frå ide til praksis: Måle og rapportere suksess i biosfæreområder og andre liknande plattformer»

Finansiert og har oppstart september 2023.

From best practice to next practices – samarbeidsprosjekt mellom nordiske land for å få på plass en plan for korleis biosfæreområde skal bidra til å oppfylle Naturavtalen. I søknadsfase til Nordisk Ministerråd,

Oppslutnad om strategidokumentet

Det er lagt opp til at andre aktørar (kommunane, næringsliv, lag(organisasjonar) kan ta strategi- og handlingsprogrammet, dette har vi ikkje marknadsført eller initiert i denne perioden. Men no har vi på plass ei merkeordning som vil gjere dette meir synleg og tilgjengeleg og med det lettare å kommunisere ut.



Prosess

Administrasjonen har lagt saka fram for Biosfærerådet. Rådet har hatt ein gjennomgang av saka og har gjeve følgjande vurdering:

- For tideleg å ta ut saker frå handlingsprogrammet. Vi har det handlingsprogrammet som vi har i dag.
- Viktig å kople på andre aktørar i regionen, som også kan bidra til at handlingsprogrammet vert følgt opp med andre prosjekter og aktivitetar.
- Viktig at handlingsprogrammet også vert sett på i samband med ressursar i administrasjonen.
- Er det mogleg å kople handlingsprogrammet meir med næringsstrategien?
- Kommunestyret og Regionrådet må få meir eigarskap til biosfærestatusen og handlingsprogrammet.
- Handlingsprogrammet er ein viktig del av rapporteringa inn til UNESCO.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for Regionrådet for drøfting og vedtak om å godkjenne handlingsprogrammet 2023 – 2024 for Nordhordland UNESCO biosfære.

Vedlegg:

1. Strategidokumentet for Nordhordland UNESCO biosfære
2. Handlingsprogrammet med ein statusoppdatering på pågåande prosjekt / tiltak.